



Georg Magnar Dyrliid  
Grønfjellet 22  
5955 LINDÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/2285 - 17/3888

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
06.02.2017

## Dispensasjon og løyve til oppføring av støttemurar - gbnr 108/153 Lindås

### Administrativt vedtak. Saknr: 053/17

**Tiltakshavar:** Georg Magnar Dyrliid  
**Søknadstype:** Dispensasjon og søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

### Saksutgreiing:

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av støttemurar på eigedom gbnr. 108/153 som vist på situasjonsplan motteke 13.09.16. Støttemur på inntil 0,5 meters høgde i grense mellom gbnr. 108/153 og gbnr 108/111 som vist, samt støttemur på inntil 0,5 meters høgde i grense mellom gbnr. 108/153 og gbnr 108/129. Søknaden omfattar naudsynt grunn- og terrengarbeid i samband med oppføring av støttemurar

Saka omfattar søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense langs veg.

Det vert elles vist til søknad motteken 08.07.16.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett når den var mottatt. Trong for tilleggskommunikasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 11.08.16. Søknaden var komplett og klar for handsaming den 13.09.16 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 12 veker frå denne dato

Ved ein feil har søknaden dykkar blitt liggjande lenge utan handsaming. Konsekvens for kommunen ved fristoverskriding er 25% gebyrreduksjon for kvar påbegynte veke fristen vert overskriden jf. byggesaksforskrifta § 7-6, som følgje av fristoverskriding vert det ikkje fakturert gebyr.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Kolås 1. Del av gnr. 107 og 108/ planid. 1263-08061972 er avsett til bustad-føremål.

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733



Det ligg regulert byggegrense langs veg på den aktuelle eigedomen. Omsøkt tiltak er plassert i strid med regulert byggegrense.

## Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå regulert byggegrense langsveg.

Det er søkt om dispensasjon med slik grunngjeving:

- Dispensasjon etter pbl §19-1 (permanent)  
 Dispensasjon etter pbl §19-3 (midlertidig) fram til følgende dato: \_\_\_\_\_

**Begrunnelse for dispensasjonssøknaden:** (bruk gjerne eget ark i tillegg om du trenger mer plass)

Eget ark. Vedlagt som gir begrunnelsen.  
Fikk opplyst ved besøk hos L.K. Verktofor  
"Dispensasjon frå regulert byggegrense mot vei"

Det er høydeforskjeller mellom tomtene som under tilretteleggelsene har ført til bratte skråninger mellom tomt 22 og 24 og mellom tomtene og Grønfjellveien

Tilsvarende utfylling mellom tomt 20 og 22

Alle utfyllinger er gjort uten at det ble satt opp støttemurer mellom tomtene og mellom tomtene 22 og 24 og Grønfjellveien

Jeg ønsker å utbedre disse manglene ved å oppføre støttemurer mellom min eiendom og naboene, samt mot Grønfjellveien.

Vedlagt skisse 1 og skisse 2 som viser hvordan jeg tenker dette gjennomført

Spesielt vil jeg vise til sikrere utkjøring fra nr. 20 som får fri sikt på 1.35 m, idag vegetasjon helt ut til Grønfjellveien.

Som en bieffekt vil Lindås Kommune få bedre plass for å lagre snø ved brøyting.

Som vist på skisse 2 vil jeg utvide parkeringsplassen min slik at det bli enklere å snu på egen parkeringsplass. Mener det er sikrere å kjøre ut i Grønfjellveien enn å rygge ut.

Tomt 19 og 21 som er med på oversikten over de som har fått nabovarsel er naboene på andre siden av Grønfjellveien.

## Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn slik uttale frå Teknisk drift den 14.09.16:

- Minste avstand mellom ytterkant mur og kant kommunal veg skal være minimum 1,4 meter.

Avstand mellom ytterkant mur og kant kommunal veg er rekna ut i frå krav til avstand mellom ytterkant mur og kommunalt leidningsnett som tiltakshavar har søkt om og fått løyve til i vedtak datert 13.09.2016.

- Mur skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing av mur ved drift og vedlikehald av kommunal veg og vegggrøft. Om mulig skal mur være fundamentert på fast fjell.
- Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avlaup). Dersom skade oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg er dette kommunen uvedkomande. Eigar av mur må sjølv sørge for og dekke kostnadene ved utbetring av disse.
- Tiltakshavar må undersøke med gravemeldingstenesten til BKK og Geomatikk om andre kabelaktører har kablar liggande i vegkant/vegggrøft. Eventuelle krav frå andre kabeleigarar vil komme i tillegg til Teknisk drift sine krav.

**Nabovarsel**

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

**Plassering**

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 26.05.16.

På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense vist til å vere 0 meter. Eigar av gbnr.108/129 har i dokument motteke 07.07.16 samtykka til at tiltaket kan plasserast 0 meter frå nabogrensa.

Avstand til vegkant offentleg veg er opplyst å vere 1,35 meter.

**Vatn og avløp (VA)**

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

**Tilkomst, avkjørsle og parkering**

Tiltaket fører ikkje til endra/auka bruk.

**Terrenghandsaming**

Situasjonsplanen viser plassering av støttemurar samt utviding av parkeringsplass på eigedom gbnr. 108/153.

**Visuelle kvalitetar**

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn har gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv, og i høve til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2.

**Tekniske krav til byggverk**

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

**VURDERING:****Dispensasjon**

Det er to vilkår som må vere oppfylt for å gje dispensasjon etter pbl. § 19-2.

For det første må dei omsyna som ligg bak føresegna det dispenserast i frå ikkje verte vesentleg tilsidesett.

For det andre må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene, etter ei samla vurdering.

Ved dispensasjon frå planar skal det leggjast særleg vekt på nasjonale og regionale rammer, og det bør ikkje gjevast dispensasjon frå planar når ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden, jf. pbl. § 19-2 (4).

Ved dispensasjon frå lov og forskrift skal det leggjast særleg vekt på dispensasjonen sine konsekvensar for helse, miljø, tryggleik og tilgjenge.

Kommunen kan setje vilkår for dispensasjonen, jf. pbl. § 19-2. Vilkåra må liggje innafor ramma av dei omsyn lova skal ivareta, og det må vere ein naturleg samanheng mellom dispensasjon og vilkår, til dømes slik at vilkår så langt som mogleg kompenserer for ulemper dispensasjon kan medføre, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.



Mot nord - mur mellom gbnr. 108/153 og 108/129



Mot sør – avkøyrsløp gbnr 108/153

I vurderinga av fordelar og ulemper har kommunen særleg lagt vekt på at det ligg føre positiv uttale frå vegmynde. Vidare har kommunen lagt vekk på søkjar si vurdering av tilhøva på eigedomen. Tiltaket vil sikre etablerte fyllingar mellom gbnr. 108/111 og 153 og mellom gbnr. 108/153 og 129. Ein effekt av tiltaket mot kommunalveg vil verte etablering av grøfteareal som gjev plass til snølagring i høve dagens situasjon.

Etter ei samla og konkret vurdering finn kommunen at vilkåra er oppfylt for å gje dispensasjon frå regulert byggegrense for oppføring av støttemurar på eigedom gbnr. 108/153. Ein finn at omsyna regelen skal ta vare på ikkje vesentleg vert sett tilside som følgje av tiltaket.

#### **Plassering**

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, minste avstand frå front støttemur til vegbanekant offentleg veg skal vere 1,4 meter jf. uttale frå Teknisk drift datert 14.09.16.

#### **Visuelle kvalitetar**

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn tilfredsstillande visuelle kvalitetar, både i seg sjølv og i høve til sin funksjon, og dei bygde og naturlege omgjevnader og plassering, jf. pbl. § 29-2

#### **VEDTAK:**

**Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå regulert byggegrense langs veg for oppføring av støttemurar slik som synt på situasjonskart datert 19.06.16.**

**Dispensasjon vert gjeve på vilkår av at minste avstand mellom front støttemur til vegbanekant offentleg veg skal vere 1,4 meter.**

**Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-2 bokstav b vert det gjeve løyve til oppføring av støttemurar samt utviding av parkeringsplass på eigedom gbnr. 108/153. Løyve vert gjeve på følgjande vilkår:**

- 1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 19.06.16, men med minste avstand til vegbanekant offentleg veg på 1,4 meter. Plassering vert godkjent med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.**
- 2. Lindås kommune fråseier seg alt ansvar for skade som oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg (veg, vatn og avlaup). Dersom skade oppstår på mur under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg er dette kommunen uvedkomande. Eigar av mur må sjølv sørge for og dekke kostnadene ved utbetring av desse.**

**Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga.**

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunnjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/2285**

**Ansvar**

*Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.*

**Bortfall av løyve**

*Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.*

**Avfall**

*Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.*

**Ferdigstilling**

*Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.*

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Georg Magnar Dyrli

Grønfjellet 22

5955

LINDÅS